



Hustadvika kommune
Tingplassen 1
6440 Elnesvågen

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	25/27580 - 26/24331	Lage Lyche -	06.02.2026

Invitasjon til å gi innspel til landsdelsanalyse for NTP 2029-2040 (Oppdrag 02)

Bakgrunn

Møre og Romsdal viser til brev frå Statens Vegvesen datert 21.01.2026 om innhenting av innspel til landsdelsanalysane for Nasjonal transportplan (NTP) 2029-2040. Som ein del av dette arbeidet skal fylkeskommunen bidra med regionale vurderingar for Midt-Norge (Trøndelag og Møre og Romsdal).

For å sikre eit breitt og godt kunnskapsgrunnlag ønskjer vi med dette å invitere kommunane til å gi innspel til utfordringsbilde og mobilitetsbehov fram mot 2060, i tråd med kriteria Statens vegvesen har sett

Kva ber vi om innspel på

Vi ber om at kommunen, så langt det er relevant, gir ei kortfatta vurdering av følgjande punkt:

1. Framkomme i transportsystemet

- Tilstand og største utfordringar i transportsystemet i dag (2026)
- Forventa utvikling fram mot 2060 i fråvær av nye tiltak (infrastruktur, kapasitet, arealtilgang)

2. Mobilitetsbehovet

- Område eller strekningar der mobilitet, framkomme eller trafikkisikring ikkje er tilfredsstillande i dag
- Overordna vurdering av korleis dette kan utvikle seg fram mot 2060

- **Transportteterspurnad**

- Kva endringar i teknologiutvikling og/eller næringsstruktur/samfunnsutvikling kommunen meiner vil påverke transportetterspurnaden i åra fram mot 2060

Viktig avgrensing

Det skal ikkje bli foreslått tiltak eller prosjekt i innspela, jf. føringa frå Statens vegvesen. Det skal heller ikkje leggjast til grunn at nye investeringsprosjekt blir realiserte, utover dei som allereie er under bygging eller pålagt etter regelverket.

Format og omfang

Innspela bør vere kortfatta (tilrådd maks 2-4 sider per kommune). Kommunen står fritt til å strukturere innspelet etter eigne behov, men føreslegne punkt over er identiske med malen frå Statens vegvesen.

Frist for innspel

Tidsfristen er knapp både for kommunane, fylkeskommunane og Statens vegvesen.

Fylkeskommunen må levere sitt innspel til Statens vegvesen innan 10. mars 2026. Vi ber derfor om at kommunen sender sine innspel til oss innan 3. mars 2026.

Med helsing

Lage Lyche
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Vedlegg:

Invitasjon til fylkeskommunen og byområder til å gi innspill og delta på workshop for landsdelsanalysene for NTP 2029-2040 (1)
utredningsoppdragtilnasjonaltransportplan2029-2040

Mottakar(ar):

Aukra kommune
Aure kommune
Averøy kommune
Fjord kommune
Giske kommune
Gjemnes kommune

Mottakar(ar):

Haram kommune
Hareid kommune
Herøy kommune
Hustadvika kommune
Molde kommune
Rauma kommune
Sande kommune
Smøla kommune
Stranda kommune
Sula kommune
Sunndal kommune
Surnadal kommune
Sykkylven kommune
Tingvoll kommune
Ulstein kommune
Vanylven kommune
Vestnes kommune
Volda kommune
Ørsta kommune
Ålesund kommune